

Iddisar og andre minne frå hermetikk tida i Beinavikjo

06.11.2010



I Uskedalsposten sitt julenummer vert det arbeidd med ein artikkel om etikettar på hermetikkboksar. Det lokale omgrepet i brislingbyen Stavanger er iddisar.

Folkeleg sagt er det eit sildemerke eller varemerke på boksen som fortel noko om innhaldet og produsenten.

Hermetikkhistoria i Uskedalen kan reknast til fire tidsbolkar:

- 1894 - 1911: Ivar Arnesen & co (Motivet var løve med øks)
- 1912 - 1927: Concord Canning Co (Motivet var ofte rombe med bokstavane CC)
- 1933 - 1941: De Forenede Hermetikkfabrikker A/S - i Bergen Privatbank si eige
- 1941 - 1960: Bergen Preservering A/S - Hermetikkfabrikken Hardanger

Til alle desse periodane finn vi variert utval av sildemerke.

Motiva er historiske og nasjonale,- konge, dronning, bunadskledde menn og kvinner, dyr, brisling, skip og norsk natur.

No spør vi om du har sildemerke (etikettar) eller andre minne fra hermetikkfabrikken i Beinavikjo. Det kan vera logo, firmamerke på brevark,skilt eller andre synlege minne.

Vi er takksame om vi kan få sjå og låna for avfotografering.

Kontakt Kristian Olav Bringedal på mobil 915 31 487

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal